## Må søkja om plastring

07.09.2011



**Plastring og muring langs ein bekk på Ytre Eik har utløyst korrespondanse i kommunen. Kommunen minna Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) om at det i føresegnene for reguleringsplanen heiter at eksisterande bekk langs vestre grense av planområdet ikkje på nokon måte skal berørast eller tilførast utslepp. Det skal ikkje skje korkje under eller etter utbyggjinga av området.**

Med utgangspunkt i dette ba kommunen at Bu søkte om arbeidet som er utført i bekken. Dette vert ein dispensasjonsøknad som lyt grunngjevast og

nabovarslast.

Bente og Terje Aamodt har starta arbeid med mur langs bekken
og kommunen bed om at dei søkjer om tiltaket og at søknaden blir
naboarsla. Dette må skje før kommunen tek stilling til saka.
På bildet over er utløpet i fjorden

FOTO:Ola Matti Mathisen